


# DET NORSKE TEATRET

331





# Norges Brannkasse

Grunnlagt 1767

Wergelandsveien 3 - Filial: Stortorvet 2 - Tlf. 20 37 70

**Brann- og annen skadetrygd**

Kombinert trygding - Nyverdetrygding




*Restaurant*

# FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie  
Le Rendez-Vous de Gourmets*

*Vis-à-vis  
Nationaltheatret*



# „GENGANGERE“

av

HENRIK IBSEN

til nynorsk ved TORMOD SKAGESTAD

regi GERHARD KNOOP

dekor ARNE VALENTIN

inspisient ARPAD SZEMES

SESONGEN 1964/65



**Walter Jacobsen a.s**  
MODELLKONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368  
Forretningen med det gode utvalg  
i kåper, kjoler og drakter.




Omsetjing: Tormod Skagestad.

## Ny sesong på Det Norske Teatret

I statuttane for Det Norske Teatret står det at teatret skal spela på nynorsk i bygd og by. Denne føremålsparagrafen har i diskusjon om «Gengangere» på nynorsk, blitt karakterisert som stivbeint og megen for revidering. Det Norske Teatret burde iblant spela på riksmål og Nationaltheatret på nynorsk. Vi er usamde i eit slikt syn. Nationaltheatret ville vel vera kunstnarleg ukvalifisert til å spela på nynorsk, på same måte som vi ville vera det om vi skulle føre fram ei riksmåltekst. Våre to nasjonalteater har kvar si røyst, kvart sitt markante andlet der språkforma er eit vesentleg integrerande drag. Teatra utfyller kvarandre og gjev vårt kulturmiljø eit vidare spektrum. Men i repertoarvalet er ikkje dei to teatra bundne til kvar sine ulike miljø. Nationaltheatret spelar bondedramaet «Begjær under almene» av O'Neill, Det Norske Teatret spelar «Lang dags ferd mot natt» av same forfattar, — eit skodespel med urbant miljø. Nynorsken har sitt nære utspring i bondespråket, som er eit konkret og levande språk, med substans og klang og kraft, og som fjernare og nærare ligg til grunn for all verdsens kulturspråk. Men nynorsken er ingen dialekt, det er eit riksmål med same rettar og same funksjon som det andre riksmålet, og det har vist seg å vera eit godt instrument for dikting og skodespelkunst.

Vårt repertoarval framover vil truleg på enkelte verke provoserande, og det vil kanskje bli hevda at vi får halde oss innanfor visse skigardar. Vi aktar ikkje å gjera det. Eit teater må arbeide offensivt og ekspansivt dersom det ikkje skal gli inn i kunstnarlege og ideologiske bakevjer. Derfor opnar vi våre portar for scenedramatikk, klassisk og ny som

Framhald side 47.



Fru Helene Alving: Tordis Maurstad.



# Tordis Maurstad

«Gengangere» er vår jubileums-framsyning for Tordis Maurstad. Denne store skodespelarinna har i førti år tent teaterkunsten med ein indre eld som tida aldri får bukt med, som tvert imot brenn klarare og sterkare frå år til år. Lysande høgdepunkt markerer den utviklingsveg ho har hatt som kunstnar: Antigone frå dei første etterkrigsår, Kathinka Stordahl i «Cranes Konditori», Alice i «Dødsdansen», Fedra og kanskje framfor alt: Mary Tyrone i «Lang dags ferd mot natt», ein sceneskapnad så vibrerande gjennomlyst innanfrå at han står i minnet i eit reint forklara lys.

Som ei Antigone, like brennande, like kompromisslaus, står Tordis Maurstad i Thalias tempel. For ein sjeldan gongs skuld fell det naturleg å nytte dette misbrukte namnet, det får ny og reell klang i lyset frå Tordis Maurstads kunstnar-gjerning i teatret. Det Norske Teatret, som har hatt den store ære og lykke å ha henne i sitt hus nesten alle desse førti åra — takkar henne audmjukt for alt ho har gjeve, alt ho sjølvfortærande har gjeve til **no**.

Og vi ventar med spaning og forventning på det ho heretter skal gje; — for ho står midt i si rikaste utfalding.

**Tormod Skagestad.**

**IPA** *Syskole*

Etablert 1942



*Sy garderober*

**selv, — modellbetonet.**

**Vi gir Dem den beste individuelle undervisning.**

**Tlf. 42 29 87.**



Regi: Gerhard Knoop.

## „Eget hjerte, – det er kloden“

Det blir sagt om store kunstnarar, om dei aller største, at dei eigenleg og berre har eitt motiv. Frå nye utgangspunkt, ut frå ny livsrøynsle og med auka kunstnarleg evne freistar dei på nytt å dra ut or dette motivet det siste og endelege svar, den ålgilde sanning om dette eine tema som har teke bustad og makt i hugen deira. I Henrik Ibsens tilfelle er det ikkje vanskeleg å peike ut dette motivet. Les ein skodespela hans i samanheng — og opplever ein dei såleis, som diktaren sjølv alltid insisterte på —, veks det fram med ein styrke som i ei naturkraft. Det finn sine utlauparar i nær sagt kvart einaste menneske han har gjeve liv i si dramatiske verd, og han rører ved det i alle viktige scenar og replikkar, på nytt og på nytt. Med den stae, monomane einvise som ein jamt finn hos fanatikaren forfølgjer han det inn i alle løyndekrær, skremmer det opp frå alle gøymestader, men blir aldri, aldri viss om at **no** har han fanga det, **no** veit han ein gong for alle kva det vil seia: **å vera seg sjølv**. Den problematikk, den etiske gruvling som knyter seg til spørsmåla: korleir skal eit menneske vera seg sjølv? — når er eit menneske seg sjølv? — på kva måtar sviktar eit menneske seg sjølv? —, den er etter mitt skjøn sjølv kjernen i Ibsens dramatiske diktning. Og i motsetnad til Peer Gynt og løken kjem kjernen for ein dag. I si lange bergmannsgjerning hentar Ibsen atter og atter fram nytt metall, vinn han atter og atter ut nye legeringar, ny sannkjenning. Som ei gullåre ligg det og lyser i heile rada av skodespel. Men det er alltid oppgåva til kvar ny generasjon å reinske bort alt slagget som «tradisjon» og vane har lagt over gullet. Kvar tid må søkje sin **eigen** veg til Ibsens diktning.

Framhald side 13.

LYTT TIL

## *Norsk folkemusikk*

innspilt på grammofonplater av våre beste spelmenn på forskjellige instrumenter, — samt folketonen i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på




grammofon-  
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting  
Til salgs hos musikkhandlerne

# WILLEM II

## SIGARER

*Først  
blant de  
beste*



Eneimportør: Gunnar Stenberg A/S

Framhald frå side 11.

«Gengangere» kom ut i 1881, fire år før «Kristianiabohe-  
men» og «Albertine» for alvor skapte røre i andedammen!  
Ibsen hadde då 15 skodespel attom seg, og i lengre periodar  
hadde han vore aktiv teatermann. Han hadde teke opphald  
i utlandet og for ramme alvor byrja svinge sitt tuktande ris  
over den småborgarlege moralen, samfunnskonvensjonane  
og dei tronge tilhøva heime: i «Brand» og «Peer Gynt» og  
i dei realistiske samtidsskodespela «De unges forbund» og  
«Samfundets støtter».

Han er òg oppteken av det same på den tid «Gengan-  
gere» må ha byrja ta form i dikteren. I eit brev heiter det:  
«Det heder jo at Norge er et frit og selvstændigt rige; men  
jeg sætter ikke stor pris på denne frihed og selvstændighed,  
så længe jeg ved at individerne hverken er frie eller selv-  
stændige.

Lad unionsmærket blive stående; men tag munkedomsmærket ud af sindene, tag væk fordømmenes og transsynt-  
hedens og uselvstændighedens og den grundløse autoritets-  
tros mærke, så at de enkelte kan få sejle under eget flag.  
Det, de nu sejler under, er hverken rent eller deres eget».

Som så mange gonger hos Ibsen er det kvinnene som  
står i sentrum, «disse nutidens kvinder, mishandlede som  
døttre, som søstre, som hustruer, ikke oppdragne efter deres  
begavelse, holdt borte fra deres kald, frataget deres arv,  
forbittrede i sindet, —» som han skriv i ei oppteikning frå den  
tida. Indignasjonen, harmen var det som oftast dreiv Ibsen  
til å skrive, og dette var noko av råmaterialet som han brukte  
til «Gengangere». I fru Alving skapte han ei **anna** Nora-  
historie, ei som vart **verande** hos mannen sin som ho ikkje  
elska, og som freistar byggje opp sitt eige livssyn i strid med  
det som rådde i samfunnet. På bordet i stova ligg bøker,

Framhald side 17.

## En trykksak

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg

RAGNAR BRYDE

Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri

Kr. Augustsgt. 19 – Telefon 20 20 49

## Spesialforretning i TV - radio

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne apparater som passer

**GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder**

**NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S**

Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37

Filial: Lambertseter forretningsenter – Tlf. 67 98 75



Godt utvalg i dame- og herreskotøy

## Valkyrien Skotøymagasin A.s

Valkyriegt. 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

MIDT PÅ KARL JOHAN  
EGERTORVET - OSLO

**Reisevaluta ekspederes raskt og greit**


**Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker**

**BØNDERNES BANK** 



Frå v.: Osvald — Finn Kvaalem, pastor Manders — Harald Heide Steen, fru Alving —  
Tordis Maurstad, Regine Engstrand — Marit Bolling.

En forfriskende pause



DRIKK

*Coca-Cola*

REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert tapperi

Jarlsberg Mineralvann A/S



tidskrifter og aviser. Ho kjenner seg tryggare etter at ho har lese dei, seier ho. Kva for bøker er det? Ibsen namngjev dei ikkje, og gjer det såleis lettare for oss å dikte våre egne titlar inn i dei, fyller ut dei abstrakte elementa i stykket med konkrete realitetar frå vår eiga tid (ein Henry Millers «Sexus» t. d.). Det tyder ikkje at stykket går føre seg i dag. Tidsinventaret er der, og må vera der. Men berre i ein viss mon. På same måten som Ibsen opererer med spaning mellom ideane om samfunnstilhøva og den personlege fridomen, mellom fru Alvings sanningskrav utetter og feigskap innerter, såleis opplever vi i dag «Gengangere» i spaningsfeltet mellom det som har sine føresetnad i samfunnet **den** tid, konvensjonar, sosiale tilhøve og moralske omgrep, og **våre**. Fru Alving er ikkje berre idéberar og eit produkt av si eiga tid, ho er eit menneske på godt og vondt. Orda hennar om gjenangarar i stykket er ikkje berre **diktaren** sine ord. Den dramatiske teknikk som Ibsen syner så fullkome herredøme over i dette skodespelet, ligg for det fyrste i at fru Alving er eit menneske som akkurat på **det** punkt i skodespelet **må** snakke om alt dette som går att i oss. Og det ho seier, står i ein viss relasjon til **heilskapen** i stykket, til dei andre personane, til den poetiske atmosfæren omkring dette hovudtemaet og til den tette, dramatiske arkitekturen som er den formelle ryggrada i skodespelet.

Ibsen var sjølv oppsett på å slå fast at ein ikkje måtte tilleggje han **personane** sine meiningar. «I intet av mine skuespil er forfatteren så udenforstående, så absolutt fraværende, som i dette sidste», heiter det. Og han seier at det var om å gjera for han at lesaren «oplevede et stykke virkelighed». Det har vore om å gjera for oss som spelar han i dag, å gjenskapa denne røyndomen: ikkje ved å kopiere

*Bur De i Oslo og vil tinge*

## **DAG OG TID**

Ring oss på tlf. 20 25 47 eller 20 09 25 og vi hentar blad-pengane når det måtte passe.

Dag og Tid er ei avis i toppklasse og kostar berre kr. 11,— pr. kvartal.

Spesialpris for studentar og skuleelevar: Kr. 8,— pr. kvartal.



# **DAG OG TID**

Redaksjon: Akersgt. 7, Oslo 1. Forretningsavd.: Kr. Aug.g.  
14, Oslo 1. Postgiro 30 802. Bankgiro: 5370/659.

- VESAAS — Den nordiske romanprisen  
SYN OG SEGN — Største allmenne tidskriftet i landet  
DAG OG TID — Avisa for kommentar og debatt  
Det Norske Teatret — Lyrikkbiblioteket

**MÅLSAK ER KULTURARBEID**  
**HUGS MÅLGÅVA**

## **NOREGS MÅLLAG**

Postboks 911, Oslo 1. Postgirokonto 14 230


Framhald frå side 17.

den ytre, men ved å leite oss fram til den indre, til å gjera det som hender på scenen **verkeleg** for tilskodaren.

Det er **på scenen** ein skal møte Ibsen for alvor. Frå teatret si side kan ein aldri ta dette for ofte opp att, for det syner seg gong etter gong at det er i **den sceniske røyndomen** hans dramatiske geni ligg. «Gengangere» møtte som kjent svær motstand og vekte endå sterkare indignasjon då det kom. Men i hundreårsutgåva fortel Francis Bull korleis for-døminga knytte seg til **boka**, og at mange skifte meining då dei hadde **sett** stykket. At Ibsen var teatermann og vel kjend med teaterfolks arbeidsmåte, får vi klårt for oss på ein aktuell måte av eit brev til skodespelaren Lindberg i 1883. (Lindberg søkte om retten til å spela stykket i Stockholm og København.) Det heiter her: «Sproget må lyde naturligt og udtryks-måden må være karakteristisk for hver enkelt person i styk- ket; det ene menneske udtrykker sig jo ikke som det andet. Meget kan i så henseende rettes på under prøverne; der hører man let, hvad der ikke falder naturligt og utvunget, og hvad er altså må ændres og atter ændres så længe til replikken får den fulde troværdighed og virkelighedsform.»

Ibsen kallar sjølv «Gengangere» for eit familiedrama, og dei fem levande personane i skodespelet er alle beinveges eller omveges knytte til familien Alving. Med nådelaus konsekvens syner han korleis lagnadene deira er avhengige av kvarandre, som personane i ein klassisk tragedie. Men det spanande ved Ibsen er nettopp korleis han ikkje blir «klas- sisk», men korleis han utviklar si **eiga** form, og i den borgar- lege stova frå 80-åra skaper idé- og menneskeskildring på ein påtrengjande nær og urovekkjande måte for menneska i vår tid. Korleis han gjev — det vi kan kalle eit negativ — eit bilete som både skremmer og skakar — av korleis og kvifor

Framhald side 45.



Pastor Manders og fru Alving.

## „Gengangere“ på nynorsk

Er det litterært hærverk og vald mot Ibsen å omsetja «Gengangere» til nynorsk og føre skodespelet fram på Det Norske Teatret? Spørsmålet har vore drøft i pressa sidan tidleg i sommar då ein flokk menn og kvinner vende seg til Kyrkjedepartementet og ville ha tiltaket forbode etter åndsverkslova. Denne noko uvanlege aksjonen førte ikkje fram. Departementet sa klart frå om at det ikkje fanst nokon heimel for eit slikt forbod og at framføring av «Gengangere» på nynorsk ikkje kunne seiast å vera krenkjande for Ibsens ettermæle.

Teaterkritikk og publikum i inn- og utland har fullt ut akseptert Ibsen på nynorsk. Det skjedde først i 1949 da Hans Jacob Nilsen førte fram «Peer Gynt» i Henrik Rytters kongeniale omsetjing og med ny musikk av Harald Sæverud. Om dette djerve tiltaket stod det gny frå første stund, og mange av argumenta frå den gong har gått att no som veritable gjengangarar.

I 1962 tok teatret «Peer Gynt» opp att ut frå eit nytt grunnsyn på dramaet, og etter ein ny regiplan med autentisk folkemusikk i staden for komponert musikk. Det vart suksess på ny i Oslo, i Stockholm, i Helsingfors, i Tyskland og på Théâtre des Nations i Paris. Ingen våga påstå at Ibsens ettermæle var krenkt, men både i 1949 og 1962 vart det hevda av mange at Ibsens «Peer Gynt» stod klarare og friskare fram enn før.

Brevskrivarane har på bakgrunn av dette sett seg nøydde til å akseptere «Peer Gynt» på nynorsk. Men det synest underleg at vitskapsmenn med litteratur som fag, kan påstå at lyrikk (Peer Gynt) lettare lar seg overføre til ei anna målform enn prosadialog (Gengangere). Spelar da ikkje dei

Framhald side 23.

Tegn Deres livsforsikring i

# GLITNE

DET er virkelig livskunst

## GRAND-KJELLEREN

Hurtigservering av  
rimelige småretter



*Eit av dei vakraste merke me hev,  
det løner med signing det ærlege strev,  
Munner det mettar, tryggleik det gjev.*

KORNBANDET

## SKOGENS KJØRESKOLE

Jens Bjelkesgt. 43, tlf. 68 15 09.

Førerkort — Fornyelser — Bilassuranse

Framhald frå side 21.

finaste nyansar i ordval og setningsrytme større rolle i poesi enn i prosa? I brevet står det: «Det er en kjent sak at det praktisk talt alltid blir et tap i stilistisk og kunstnerisk verdi ved en oversettelse. Dette tap blir større jo rikere det originale diktverks egenart er». Meiner filologane som har sett sitt namn under brevet, at den stilistiske eigenart er fattigare i «Peer Gynt» enn i «Gengangere»? Vidare står det: «Viktig er det i dette tilfelle at en nynorsk oversettelse vil klinge mot en kjent bakgrunn i originalteksten. Dette må få en uheldig virkning, da alle litterært bevisste mennesker sitter og sammenligner original og oversettelse.» Men er da ikkje «Peer Gynt»'s originaltekst ein endå meir kjent bakgrunn enn originalteksten i «Gengangere»? Dessutan spelar vi ikkje teater først og fremst for ei eksklusiv gruppe litterært skolerte. Vårt siktepunkt med å føre fram Ibsen på Det Norske Teatret er å få han til å fenge i dag, så langt vi maktar å gjera hans drama nære, levande og aktuelle for dei generasjonar som lever **no**. Vi er ikkje tent med at Ibsen blir sett på museum, og Ibsen er ikkje tent med det.

Ved å karakterisere «Gengangere» som realistisk drama reduserer brevskrivarane dette sentrale verket i Ibsens produksjon. Under si realistiske overflate er «Gengangere» eit drama i slekt med gresk tragedie. Di meir det fjernar seg i tid og tolking frå den sosiale problemstilling i 1880-åra, di sterkare stig det ålmenmenneskelege konfliktstoffet og dei irrasjonelle understraumane fram i dagen. Ut frå dette grunnsyn på skodespelet vil vi prøve å skapa ei fornying av «Gengangere» slik at det kan bli scenekunst for og om moderne menneske, utan at vi på noko punkt øver vald mot ånd og meining i Ibsens verk. Om vi lukkast, får kveldens framsyning vise.

Framhald frå side 29.



### **Det lyser opp**

i den grå hverdag med pene broderier. De bringer naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle.

*Begynn med brodering, en kongelig hobby*

**RANDI MANGEN & CO.**

**SPESIALFORRETNING I BRODERIER**

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

## **OSLO FYLKESLAG**

i Noregs Ungdomslag  
Heim for landsungdom

Lagskontor. Ynskjer du opplysningar om bygdelaga i Oslo, ring Sosialkontor for landsungdom telefon 20 38 20 og 20 38 03. Kaffistova og heimebuarane telefon 20 07 04.

## **Fagleg nytt**

Frå alle greiner av landbruket  
får De gjennom tidsskriftet

**«NORSK LANDBRUK»**

*Gå til postkontoret i dag og bli abonnent!*





Regine og snekkar Engstrand.

# „GENGA

Av HENRIK

Til nynorsk ved TORM

Regi GERHAR

Dekor ARNE V

Dei som er med:

FRU HELENE ALVING

OSVALD ALVING

PASTOR MANDERS

SNEKKAR ENGSTRAND

REGINE ENGSTRAND

Kostyma er teikna av ARNE WA

til Det Norske Teatret v

**20 min. pause**

***Hovedrollen***

***blant brannsikre skap*** . . . . .

**Pris fra kr. 612,00**

# NGERE''

K IBSEN

MOD SKAGESTAD

D KNOOP

WALENTIN

Tordis Maurstad

Finn Kvalem

Harald Heide Steen

Bjarne Andersen

Marit Bolling

WALENTIN og laga på Systova


med RANDI SKAHJEM

etter 1. akt.

..... **JÖLI**

**JØRGEN S. LIEN**

OSLO - BERGEN - TRONDHEIM - STAVANGER



Frå v.: Fru Alving, pastor Manders og Osvald Alving — Finn Kvallem.

Framhald frå side 23.

Vi har i Noreg to offisielle, jamstelte skriftspråk. Er det krenkjande for Ibsens ettermæle å bli omsett til nynorsk, må det også vera krenkjande for hans (og alle store diktarars) ettermæle å bli omsett i det heile: Er nynorsken, der heile Ibsens norske bakgrunn kan få klinge med, mindre kvalifisert til å tolke hans verk enn t. d. svensk, italiensk eller kinesisk?

Dei som har underskrive brevet, har vel handla ut frå pietetskjenle vis à vis Ibsen, men det er ein pietet for bokstaven. Og dei ser saka ut frå eit snevert litterært, eller rettare litteraturhistorisk synspunkt. For dei som skal spela Ibsen, kjem scenens krav inn i билетet. På scenen må dialogen vera i pakt med moderne uttrykksmåte. Ingen norsk scene kan i dag spela Ibsen med orginalteksten, det kan berre danske scener, som også gjer det utan å endre ein bokstav. Alle seinare norske framføringar av Ibsen-skodespel grunnar seg på ei meir eller mindre radikal tekstrevidering og modernisering. Vi trur at ei slik (nødvendig) flikking på Ibsens tekst ved riksmålsscenene kan vera vel så farleg for einskap og grunntone i Ibsens verk som omsetjing til ei anna målform. Ved sceneframføring er dessutan dialogen ein del av det heile, men ingen protesterer når moderne instruktørar prøver å fornye eit klassisk verk ved å setja seg suverent ut over dei scene- og speltilvisingar forfattaren har gjeve ut frå sin epokes teaterform. Da vi ved siste oppføring av «Peer Gynt» let Solveig vera ung i møte med den gamle Peer Gynt, eit symbol og ikkje ei kvinne av kjøt og blod, var dette i direkte strid med Ibsens eigne ord. Eg trur likevel at det djupare sett, ut frå vår tids synsvinkel, var i samsvar med ånd og meining i «Peer Gynt». Det vart da òg fullt ut akseptert av innan- og utanlandsk kritikk.

Når det gjeld dialog er det eit faktum at klassiske drama-

Framhald side 47.



Mor og son.

# Nokre klipp frå „Gengangere“-debatten

**Aftenposten — Ibsen på nynorsk vekker strid påny:**

**Protest mot at Det Norske Teater planlegger «Gengangere»-forestilling. «Krenker eftermålet.»**

Krav om forbud mot fremførelse av Ibsens «Gengangere» i nynorsk oversettelse fremmes i en uttalelse til Kirke- og undervisningsdepartementet, undertegnet av en rekke kjente menn og kvinner. I uttalelsen blir det henvist til åndsverkloven, og det blir hevdet at det er uverdige og krenkende for våre dikteres eftermæle at deres verk oversettes fra en norsk målform til en annen.

Uten hensyn til oversettelsens kvalitet mener vi at å gjøre «Gengangere» tilgjengelig for almenheten i oversettelse til en annen norsk målform enn Ibsens egen, er krenkende for Ibsens litterære eller kunstneriske anseelse eller egenart, heter det i brevet, som er undertegnet av universitetslektor dr. phil. Bjarne Berulfsen, lektor Carl Hambro, dosent, dr. phil. dr. Daniel Haakonsen, dr. phil. Brikt Jensen, professor Trygve Knudsen, lektor Torleiv Kvalvik, professor Hallvard Lie, sceneinstruktør Gerda Ring, professor Alf Sommerfelt og dr. phil. Asbjørn Aarnes.


I brevet blir det fremhevet at en oversettelse alltid fører til et visst tap i stilistisk og kunstnerisk verdi, og tapet blir enda større når det gjelder en oversettelse innenfor en nasjonal kultur med to så nærliggende målformer som i Norge. Det kan aldri bli tale om full gjendiktning, men bare om endring av et visst antall gloser som ikke er tillatt i den nye skriftnorm. Den nynorske oversettelse vil klinge mot en kjent bakgrunn i originalteksten, med en uheldig virkning fordi alle litterært bevisste mennesker sitter og sammenligner original og oversettelse. Særlig ugunstig er dette i et realistisk drama med moderne replikkunst som er så intimt knyttet til sprogformen. All erfaring tilsier at dette må føre til en slik krenkelse av diktverkets egenart som omhandles i åndsverklovens paragraf 48, hevdes det i brevet, hvor det forøvrig påpekes at departementet ønsker fred i målsaken. Hvis departementet finner at det er for sent å gripe inn, vil underskriverne gjerne ha en prinsipputtalelse.

## **Arbeiderbladet:**

Etter vår mening står protestantene på temmelig svak grunn. Vi har et levende nynorsk teater som gjennom et halvt hundreår har vist sin store livskraft. Det ville være nokså urimelig om Det Norske Teatret, med sin sentrale stilling i vårt kulturliv, skulle være den eneste teaterscenen i verden som ikke hadde lov til å spille Ibsen.

Vi er heller ikke sikre på om en oversettelse virkelig vil svekke vår store dikter. I dag er det vel neppe mange som tør påstå at «Peer

Framhald side 33.



Dekorasjon og kostyme: Arne Walentin.



Framhald frå side 31.

Gynt» tapte på å bli oversatt til nynorsk. De fleste vil heller mene at verket ble fornyet og levendegjort. Det ville være fint om Det Norske Teatret kunne fortsette denne linjen, og gjennom sin gjerning vitalisere Ibsen og hans verker.

Når en del av det norske samfunn og et dyktig teater vil oppleve Ibsen gjennom sin naturlige språkform, skal de stoppes av et statlig forbud! Vi er glad for at departementet nå har avvist dette kravet og slått fast at et forbud ikke ville være i samsvar med norsk lov.

### **Arbeiderbladet — «Gengangere» på nynorsk:**

Men for Ibsen er det krenkjande, og det blir sagt at det ville vera krenkjande om Nationaltheatret skulle spela «Læraren» av Garborg på bokmål. Korleis det? Fekk teatret til ei god framsyning, ville vel ingen ha vondt av det. Eit anna spørsmål er om noko teater kunne gje ei fullgod framføring av til dømes «Læraren» eller «Medmenneske» på bokmål. Men dei kunne no freista, så fekk vi sjå.

I røynda er det berre ein ting som tel; om det blir godt teater. No er her visseleg dei som går og ser Ibsen-drama for skuld Ibsens «anseelse», og som ærer det som er gamalt og fint. Men dei vil få sjå at «Gengangere» korkje er gamalt eller fint. Det er hardt og nær-gåande, livs levande. Og Ibsen er ikkje støva ned av litteratar, enda mange har prøvt.

Vi kan gleda oss over at Ibsen er blitt kjend verda over, og at menneske i mange land får møta hans kunst. Gledeleg er det fordi Ibsen har noko å gje, ikkje fordi han er nordmann. Denne tåpelege sjåvinismen er det altså våre riksmålske litteratar og lingvistar som er talsmennene for.

Når nordmenn les Vesaas i dansk omsetjing, er vel det ein siger for diktaren, og ikkje ei krenking av han. Like eins når nynorskteatret vil spela Ibsen.

Forbod er konklusjon på brevet. Underskrivarane bil ha forbod mot omsetjing frå ei norsk målform til ei anna. Fylgjene av eit slikt forbod blir ikkje drøfta, og dei mange sidene ved spørsmålet blir ikkje nemnde ein gong. Dei lærde nøyer seg med krenkinga og anseelsen, og krev altså forbod, som er enkelt, greitt og effektivt.

Litt av eit brev og noko av eit krav frå kjende norske humanistar.

Anders M. Andersen.

Framhald side 34.

**JOHANSEN & NIELSEN**

**BOKTRYKKERI**

Pilestradet 45. b, Oslo

Sentralbord 60 1795

Framhald frå side 33.

### **Morgenbladet — Bjørnetjeneste på Det Norske:**

Kort sagt: Nynorskfolk bør selv være de første til å ta affære overfor Det Norske Teatrets innledende selvmordsmanøvrer nu.

— — —

Man må konstatere at Det Norske Teatret atter en gang har falt for ukunstneriske beveggrunner til å kludre med vår største scenedikter. På bakgrunn av teatrets egen beundringsverdige sceniske innsats, tegner dette til å bli en trist affære både kunstnerisk og sproglig. Men det er jo ikke for sent å gjøre noe med det.

Skagestad har kjørt sitt teater frem i tidsdebatten og godt er det. Men ikke enhver debatt er møyen verd og ikke alle sensasjoner betaler seg. Vi skulle tro at fornuften vil hviske teatersjef Skagestad noen ord i øret i løpet av sommeren. Vi ville iallfall inntil videre unnlåte å ta for gitt at Det Norske Teatret kjører opp med Ibsens «Gengangere» i nynorsk sprogrdrakt til høsten.

E.

### **Christiansands Tidende:**

Man vil sikkert få en nennsom oversettelse av det berømte skuespill, så langt en oversettelse kan være nennsom. Og fremførelsen vil kunne føye seg til den rekke av sceniske triumfer Det Norske Teatret har å se tilbake på, særlig fra de senere år.

### **Hamar Arbeiderblad:**

. . . og overlevet har han, og han kommer nok til å overleve den nynorske forestillingen også, men noen ubetinget suksess bør teatersjefen ikke påregne.

### **Dagbladet — Drama eller «språklig kunstverk»?**

#### **Svar til professor Alf Sommerfelt fra Hans Heiberg:**

For hva de (ti) gjorde var ikke bare å ta et rent akademisk standpunkt i en sak. De gikk til landets øvrighet og forlangte et forbud mot noe de måtte vite var et dypt alvorlig kunstnerisk eksperiment. Som, hvis det lykkes, kan bringe noe vesentlig nytt inn i vår forståelse av hva Ibsen har å gi vår tid. Og som — hvis det mislykkes — ikke er til skade for Ibsen, men bare for de dristige som prøver å tilegne seg Ibsen på en ny måte.

